



Arkivnr: 2016/2596-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 109/15 i møte 9.11.15:

«Kristian Helland (KRF) tok opp spørsmålet om korleis kontrollutvalet kan bli meir kjend i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å be sekretariatet om å legge fram ei sak om dette i første møte i utvalet i 2016. Informasjons- og mediestrategi som vart vedteke av det førre kontrollutvalet i 2012 vert ein del av denne saka.»

Drøfting:

Kontrollutvalet i forrige valperiode utarbeidde ein informasjons- og mediestrategi i 2012. Same året vart det også handsama ei sak der informasjon- og mediestrategion vart operasjonalisert. Sakstilfang til begge sakene ligg ved.

Den vedtekne operasjonaliseringa ser slikt ut:

1. Innbyggjarane i Hordaland fylke

- a. Kunngjering av møta på heimesida til HFK og e-post til aktuelle media
 - i. Møteinnkallingar og møteprotokollar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida
- b. Kunngjering på heimesida og med e-post til aktuelle media når det ligg føre nye planar, revisjonsrapportar og kontrollutvalet si årsmelding
 - i. Planar, revisjonsrapportar og årsmeldingar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida
- c. Kontrollutvalet må vurdere om det skal lagast pressemeldingar på særskilte saker
 - i. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar
 - ii. Ev. be om hjelp frå informasjonsavdelinga til å kvalitetssikre formuleringar i pressemeldingar

2. **Media**

- a. *Det må vurderast kva media det er lurt å nytte i høve einskildsaker*
 - i. *Skal ein gå breitt ut eller spisse mot ein eller nokre få media*
 - ii. *Skal ein kontakte einskild journalistar*
- b. *Vurdere nøye kva element som bør trekkast fram i pressemeldinga for å få den ønska merksemda*
 - i. *Kan saka relaterast til andre pågåande saker i media*

3. **Internt i Hordaland fylkeskommune**

- a. *Møtebok frå møter i kontrollutvalet som melding til fylkestinget*
- b. *Presentasjon av viktige revisjonsrapporter for fylkestinget*
- c. *Informasjon om resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar på intranett etter kvart som dei ligg føre*
 - i. *For dei fleste rapportar vil ei generell orientering vera nok*
 - ii. *For enkelte rapportar, t.d. sjukefråvær kan meir detaljert informasjon vera aktuelt*
 - iii. *Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar*
 - iv. *Døme på slik pressemelding i Sogn og Fjordane fylkeskommune*
- d. *Møteinnkallingar, møteprotokollar, planar, revisjonsrapportar og årsmeldingar må gjerast lett tilgjengelig på intranett*

Av ulike årsaker er operasjonaliseringa av informasjons- og mediestrategien ikkje vorte realisert i så stor grad som ønskjeleg. Etter at fylkeskommunen innførte nytt dokumenthandteringssystem i 2014 har alle enkeltsaker, møteinnkallingar og møteprotokollar vore publisert på Hordaland.no på ein god og lett tilgjengeleg måte. Vi kan vidare opplyse om at Hordaland fylkeskommune publiserte ny heimeside 8.3.16. I samband med dette held sekretariatet på med å få på plass på heimesida noko av det som går fram av den vedtekne operasjonaliseringa. Vidare er det slik at noko av innhaldet i den vedtekne informasjonsstrategien ikkje er oppdatert i tråd med dagens situasjon. Dette gjeld m.a. punkt 1.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet drøfte følgjande:

- Om den informasjons- og mediestrategien som ligg føre, med tilhøyrande operasjonalisering, i hovudsak kan nyttast i det vidare arbeidet.
- Om det bør gjerast endringar i teksten utover at den bør oppdaterast i tråd med dagens situasjon

Konklusjon:

Det vert, på bakgrunn av det som går fram over, tilrådd at kontrollutvalet i møtet drøftar om den informasjons- og mediestrategien som ligg føre, med tilhøyrande operasjonalisering, framleis skal nyttast. Vidare vert det tilrådd at utvalet vurderer om det bør gjerast endringar i teksten og i tilfelle kva som bør endrast. Det vert også tilrådd at sekretariatet vert beden om å syta for å gjera naudsynte endringar i dokumenta og på dei aktuelle nettsidene.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg i hovudsak til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyrande operasjonalisering, som ligg føre.
2. Sekretariatet vert beden om gjera naudsynte endringar i teksten, i tråd med dagens situasjon, og i tråd med signal frå kontrollutvalet som kjem fram i dette møtet.
3. Sekretariatet vert også beden om å syta for at informasjon om kontrollutvalet på Hordaland.no, og på fylkeskommunen sitt intranett, vert oppdatert i tråd med operasjonaliseringa.
4. Forslag til revidert informasjons- og mediestrategi, med tilhøyrande operasjonalisering, vert å leggje fram for kontrollutvalet i møte 31.8.16.
5. Sekretariatet vert i det same møtet beden om å presentere for utvalet det som ligg på Hordaland.no og intranett om kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

1 Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune frå 2012